



Ramsfjell Arkitekter AS
Kronprinsens gate 3
0251 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10247 - 20/43628

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
01.07.2020

Førebels svar på søknad - gbnr 123/17 Risa

Tiltak: Fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 123/17
Tiltakshavar: Tom Olav Risa
Ansvarleg søkjar: Ramsfjell Arkitekter AS

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.05.2020 og saka har saksnummer 20/10247.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggskrav dokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggskrav informasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	12 veker
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar	3 veker

